

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR
BUSTADFELTET "HAUGANE" PÅ MYKLEBOST I SANDØY KOMMUNE

- § 1. Planområdet er vist med reguleringsgrense.
- § 2. Bygningane skal plasserast innanfor dei viste byggegrensar. Plassering av husa skal i kvart einskild høve fastsetjast av bygningsrådet.
- § 3. Bygninger i feltet skal vere frittliggande bustadhus med frittstående eller tilbygd garasje/uthus, alt i samsvar med byggeforskriftene. Maks. gesimshøgde skal ikkje overstige 5.5 m. Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gi dispensasjon frå dette kravet innanfor ramma av § 12 i Bygningslova.
- § 4. Dersom det ikkje er til vesentleg ulempe for dei omkringbuande kan bygningsrådet tillate at det vert etablert forretning eller mindre serviceverksemd i området. Det må i slikt tilfelle sytast for opparbeiding av så mange biloppstillingsplassar som etter bygningsrådet sitt skjøn er naudsynt for verksemda.
- § 5. Bygningane si grunnflate, utanom garasje/uthus, kan vere opp til 20% av netto tomteflate.
- § 6. Plassering av garasje med utkøyrsløse og oppstillingsplass for minst ein bil skal visast på situasjonsplan sjølv om garasje ikkje skal byggast straks. Garasje kan, innanfor byggeforskriftene, oppførast i nabogrense.
- § 7. Bygningsrådet skal sjå til at planting ikkje vert gjort slik at det blir til ulempe for avkøyrsløse til offentlig veg.
- § 8. Opparbeiding og utstyring av leikeplassen skal godkjennast av bygningsrådet.

